

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 22.02.2017
SAKSHANDSAMAR: Kst. administrerende direktør Ola Rye
SAKA GJELD: **Risikostyringsmål for Sjukehusapoteka Vest 2017**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 006/17

STYREMØTE: 01.03.2017

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest til orientering, og legg til grunn at Sjukehusapoteka Vest aktivt føl opp og forankrar arbeidet med risikostyring ved involvering av avdelingar i heile organisasjonen.

Styret sluttar seg til styringsmåla med delmål for risikostyring i Sjukehusapoteka Vest i 2017.

Oppsummering

I samsvar med felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest vert det i Sjukehusapoteka Vest gjennomført ei overordna risikostyring på utvalde styringsmål. Etter retningslinja skal helseføretaka årleg gjennomføre risikovurdering av minimum 4 overordna styringsmål som skal følgjast særskild opp gjennom året.

Helse Vest RHF har i styresak av 7.12.2016 (Sak 132/16) vedteke 4 overordna styringsmål med tilhøyrande delmål gjeldande for sjukehusføretaka i regionen. Det går fram i brev av 9.12.2016 frå Helse Vest RHF til Sjukehusapoteka Vest, at styret i Helse Vest ynskjer at styringsmål 3 - HMS er ein sjølvsgagt del av arbeidsdagen- skal vere eit av styringsmåla for Sjukhusapoteka Vest i 2017, men at Sjukhusapoteka Vest sjølv definerer verksemdspesifikke delmål til dette styringsmålet. Ut over dette peika ikkje Helse Vest ut styringsmål for Sjukehusapoteka Vest.

Sjukhusapotek Vest har for 2017 vald å vidareføre tre av styringsmåla frå 2016.

Dette gjeld styringsmål 1 som er i samsvar med styringsmålet i Helse Vest om at talet på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast. For SAV har ein valt å spissformulere målet inn mot legemiddelrelaterte skadar for å understreke SAV si rolle som verktøy for Helse Vest i reduksjon av skader knytt til legemiddel. For dette styringsmålet føreslær ein å vidareføre dei same delmåla som i 2016 då ein ser at desse er dekkande og for 2017.

Styringsmål 2 knytt til at SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning på linje med alternativ bruk av kapital og avkastning elles i apotekbransjen, er og føreslege vidareført. Styringsmålet er i samsvar med krav i styringsdokument for publikumsområdet. Sjølv om resultatata er betra i 2016 er målet stadig ei utfordring for SAV. For dette styringsmålet har ein valt å vidareføre delmål om avklaring om nasjonal strategi innan publikumsdrifta som ein ikkje har lukkast med i 2016 og delmål om at SAV har etablert kultur for omsorgssal og god forretningsdrift. I tillegg er føreslær ein delmål knytt til vidare utvikling av vareutval og systematisk marknadsarbeid og profilering av utsala. Dette er delmål som samsvarar med mål i publikumsprosjektet.

Det siste delmålet som ein ynskjer å vidareføre er styringsmål 3 frå 2016 om SAV sitt bidrag til å skape pasienten sin helseteneste gjennom fokus på pasientane og andre brukarar av sjukhusa sine behov. For dette styringsmålet vidarefører ein og delmåla supplert med mål om at SAV bidreg i rapportering av anitbiotikabruk i regionen. Den siste endringa er i samsvar med nytt styringskrav i stringdokumentet for 2017.

Styringsmål 4 er nytt for 2017 og i samsvar med Helse Vest sitt ynskje om at alle føretaka i regionene har styringsmål om at HMS er ein sjølvsgagt del av arbeidsdagen. For dette styringsmålet har ein valt å ha same delmåla som andre føretak i regionen då ein ser at disse er relevante og for SAV.

Når styringsmål med delmål er fastsett vil helseføretaket utføre risikovurdering og identifisering av tiltak og ansvar under kvart styringsområde. Styret vil få rapportering på risikostyring i mai (T1 2017), oktober (T2 2017) og fyrste styremøte i 2018 (T3 2017). Ved årsslutt vil det som ein del av Årleg melding verte utarbeidd ei oppsummering av risikobildet for året.

Fakta

For 2017 er det frå administrasjonen føreslege følgjande risikostyringsmål med delmål:

	Styringsmål	Delmål
1	Talet på legemiddelrelaterte skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2018	<p>1.1 SAV sikrar trygg tilgang til legemiddel og bidreg til effektiv flyt og god styring i legemiddelkjeda frå grossist , via apotek til sjukehuspost.</p> <p>1.2 SAV bidreg til trygg bruk av legemiddel i heile pasientlaupet.</p> <p>1.3 SAV tek del i og sikrar oppslutning, engasjement og gode prosessar kring arbeidet med kurve og journalløysing.</p> <p>1.4 SAV er aktiv bidragsytar i prosjekt for legemiddeltryggleik for utarbeiding av felles regionale kvalitetsindikatorar og arbeidsprosesser på legemiddelområdet.</p>
2	SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning på linje med alternativ bruk av kapital og avkastning elles i apotekbransjen	<p>2.1 SAV bidreg aktivt til avklaring av strategiske tiltak for publikumsutsal i sjukehusapotek i Norge</p> <p>2.2 SAV utviklar vareutval og tenester tilpassa pasientgrupper i dei kvart av sjukehusa i samarbeid med sjukehusføretaka</p> <p>2.3 SAV gjennomfører systematisk marknadsføring og profilering av utsala etter avtale med sjukehusføretaka.</p> <p>2.4 SAV har etablert kultur for omsorgssal og god forretningsdrift.</p>
3	SAV bidreg til å skape pasienten si helseteneste gjennom fokus på pasientane og brukarane av sjukehusa sine behov.	<p>3.1 SAV gjennomfører brukarundersøkingar, offentliggjør resultat og følger aktivt opp resultatata.</p> <p>3.2 SAV sikrar pasientar, pårørande, tilsette og andre brukarar av sjukehusa god service og tilgang til varer og tenester frå apoteket.</p> <p>3.3 SAV bidreg til god styring av legemiddelkostnader og bruk av antibiotika i regionen gjennom analysar og rapporter.</p> <p>3.4 SAV tek i samarbeid med sjukehusa og myndigheter ansvar for å samordne legemiddelberedskapen i regionen.</p>
4	HMS er ein sjølvsgagt del av arbeidsdagen.	<p>4.1 HMS-strategi for føretaksgruppa Helse Vest er forankra og kjend for alle leiarar og medarbeidarar, og tiltak for å førebygge vald og truslar mot tilsette er sett i verk.</p> <p>4.2 Det blir lagt til rette for og utvikla ein god meldekultur der meldesystem for tilsetteskadar og uønska hendingar, vald og truslar mot tilsette er kjent for alle leiarar og medarbeidarar.</p> <p>4.3 Talet på tilsetteskadar er redusert.</p>